# Oppfølging av elevfråvær

| | |
|---|---|
| **Ansvarsområde:** | Oppvekst / Eleven / Ved fråvær / |
| **Dok. kategori:** | Prosedyre **Gyldigheitsområde:** Grunnskule **Sist endra:** 12.02.2013 ( Trond Helge Eide ) |
| **Siste revisjon:** | Ikkje sett **Neste revisjon:** 12.01.2015 |
| **Godkjent:** | GODKJENT 03.06.2014 ( Gunvor Kjos-Wenjum ) |

**Føremål:**

- Felles rutinar ved elevfråvær for grunnskulane i Luster kommune

**Omfang:**

- Gjeld grunnskulen i Luster kommune

**Definisjonar:**

**Ansvar og mynde:** Ansvarsfordeling

- Det er foreldra sitt ansvar at elevane møter på skulen.
- Det er kontaktlærar og rektor sitt ansvar at det vert sett inn tiltak ved fråvær.
- Det er skulen/rektor som har saka, sjølv om ho vert meld vidare i systemet.

**Handling:**

Ved fråvær:

1. Kontaktlærar fører dagbok basert på meldingar frå lærarane. Skal gjerast kvar dag.

2. Elevane leverer melding i meldingsboka første dag på skulen etter fråværet. Melding skal vera underskriven av føresett.

3. Ved tre (3) dagars samanhengande fråvær, kontaktar dei føresette skulen. Dersom dette ikkje skjer, tek skulen kontakt med heimen. Kontaktlærar utarbeidar kvar månad ei oversikt over antal fråværsdagar for alle elevar i si gruppe/klasse.

4. Ved fem (5) dagars einskildfråvær i ein månad, kontaktar skulen v/kontaktlærar dei føresette.

5. Dersom ein elev har vore borte fem (5) einskilddagar, eller har stort timefråvær i kvar månad over ein to-månadars periode, vert dei føresette innkalla til drøftingsmøte der skulehelsetenesta, skulen og eleven deltek. PPT kan kallast inn om nokon ynskjer det. I drøftingsmøtet skal partane komme fram til konkrete, gjennomførbare tiltak, eventuelt i samarbeid med andre instansar.

6. Når ein elev sitt samla fråvær overskrid 15 dagar, vil heimen verte informert. Heim og skule vil samarbeida om eventuelle tiltak.

7. Dersom ein elev forlet skulen utan løyve, vert dei føresette kontakta straks. Skulen prøver i samarbeid med heimen å spora opp eleven.